



STORD
KOMMUNE



Foto: Lars Bakka

Språkplan

for grunnskulane i Stord

Planen er revidert 03.01.2023

Innleiing

Stord kommune sine språkplanar for utdanningsløpet frå barnehage til og med 10. trinn skal vera forankra både i pedagogane sine erfaringar med språkarbeid gjennom mange år og i nettressursane i «Språkløyper». Mykje av innhaldet i teksten om grunnskule er henta frå fagfilmene/førelingane i Lesesenteret sine språkløyper.

I undervisninga vil ein i tillegg til høgtlesing, rettleia lesing, rask bokstavprogresjon og daglege skriveøker legga stor vekt på dialog og munnlege ferdigheiter i undervisninga. Å vera språkleg medviten og ha eit godt ordforråd er eit særst viktig grunnlag for å læra seg å lesa og skriva. Det er nynorsk som er hovudmålform i Stord. Barna i barnehagane skal høyra nynorsk gjennom rim og regler, dikt og songar som vert formidla av dei vaksne i barnehagane. Like eins skal læremiddel i hovudsak vera på nynorsk i grunnskulen, trykte så vel som digitale lærebøker. Stordskulen har og elevar med samisk språk og rutinar for oppfølging av dei.

Språkløypene/-pakkane som ein finn på Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger sine nettsider www.sprakloyper.uis.no er ein oppdatert digital nettressurs for profesjonsfelleskapa i barnehage og skule. Alle lærarane skal nytta denne ressursen i planlegging av ordinær undervisning, kombinert med systematisk arbeid med tidleg innsats og intensiv opplæring ved trong for det. Språkløypene er forankra i forskingsbasert kunnskap og er meint å leggja til rette for eit løft for språk, lesing og skriving. Barna i barnehagane og elevane i grunnskulen skal merka at språk er viktig. Språkløypene vert stadig oppdaterte av Lesesenteret og Skrivesenteret, og ein må nytta nettressursen aktivt parallelt med denne språkplanen.

Strukturen i språkplanen byggjer i stor grad på hovudoverskriftene i språkløypene. Nokre av språkpakkane i språkløypene passar best i andre planar, til dømes språkpakkane om skulebibliotek og skulebibliotekplanen til kommunen. Skulebibliotekplanen heng tett saman med språkplanen fordi den har fokus på korleis skulane legg til rette for lesestimulering i skulebiblioteket.

Skulane nyttar www.iktplan.no til arbeid med digitale verktøy og progresjon i høve digitale ferdigheiter som heng saman med skriving. Elevane skal skapa og redigera ulike typar tekstar digitalt og kommunisera med andre. Ein strategi for digitalisering i Stordskulane er utarbeidd.

Skulane i Stord vil gjennom stadig utvikling av praksis ha fokus på arbeidsmåtar og tilrettelegging som fremjar fagleg og sosial inkludering. Bevisst arbeid med språk er særst viktig for eit inkluderande læringsmiljø.

Innhald

Innleiing	2
1 Grunnskule	4
1.1 Læringsyn og dialog	4
2 Barnetrinn	6
2.1 Lesing som grunnleggjande dugleik	6
2.1.1 Lesing av ulike kjelder om same tema	6
2.1.2 Leseflyt	7
2.1.3 Språk og vokabular	7
2.1.4 Samanheng mellom vokabular og leseforståing	8
2.1.5 Leseforståing	9
2.2 Skrivning som grunnleggjande dugleik.....	9
2.3 Lese- og skriveteknologi.....	11
2.4 Lese- og skrivevanskar	11
2.5 Alternativ supplerande kommunikasjon (ASK).....	12
2.5 Begynnaropplæring	13
2.5.1 Språkleg/fonologisk medvit.....	13
2.5.2 Lesing i begynnaropplæringa.....	13
2.5.3 Skrivning i begynnaropplæringa	16
2.5.4 Bokstavlæring	17
2.5.5 Når lesing og skrivning vert utfordrande på 1. og 2 . trinn	19
2.6 Skulefritidsordninga (SFO) som språkarena	20
3 Ungdomstrinn	21
3.1 Fagovergripande skrivning og lesing	22
3.1.1 God skriveopplæring	22
3.1.2 God leseopplæring	23
3.1.3 Nynorsk som hovudmål	25
3.1.4 Lesing av ulike kjelder om same tema.....	25
3.2 Vanskar med språk, lesing og skrivning	25
4 Fleirspråklege elevar	26
4.1 Organisering av undervisninga	26
4.2 Nyankomne minoritetsspråklege elevar	27
Kjelder per 01.01.2023	28

1 Grunnskule

1.1 Læringssyn og dialog

Språk er ein viktig del av identiteten vår. I overordna del ¹kan ein lesa at

«Opplæringen skal sikre at elevene blir trygge språkbrukere, at de utvikler sin språklige identitet, og at de kan bruke språk for å tenke, skape mening, kommunisere og knytte bånd til andre. Språk gir oss tilhørighet og kulturell bevissthet.»

Undervisninga skal vera forankra både i eit funksjonelt syn på språk, som er noko meir enn berre korrekt språkbruk, og i eit sosiokulturelt læringssyn. Samtale vil alltid vera ein sentral arbeidsmåte i eit språkstimulerande miljø. Omgrepet god språkkompetanse, i tydinga funksjonelt språk, vert primært nytta til å uttrykka meining i ulike kommunikasjonssamanhengar. Kommunikasjon har alltid eit føremål, og språk er eit verktøy til å utføra handlingar med.



Foto: Lars Bakka

Læreplanane for fag gir innhaldet i dei ulike faga og byggjer på følgjande definisjon av kompetanse:

«Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenkning.»

Forståing av kompetanseomgrepet må liggja til grunn for skulane sitt arbeid med læreplanar og vurdering av elevane sin faglege kompetanse.

Alle fag har sin eigen måte å bruka språket på. Derfor føregår språklæring i alle fag. Ein må i undervisningsplanlegging og -gjennomføring leggja til rette for situasjonar der elevane får nytta språket på meningsfulle måtar i høve kommunikasjon, form og innhald. Kwart fag har ansvar for lesing og skriving på faget sine premiss og her må ein jobba med grunnleggjande ferdigheiter og kompetansemål i høve læreplanar i fag². Profesjonsfellesskapet må samarbeida om kva teksttypar som er mest aktuelle i kvart fag. Norskfaget har eit særleg ansvar for lesing, skriving og munnlege ferdigheiter.

¹ Overordna del <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/1.2-identitet-og-kulturelt-mangfold/>

² Fagfornyninga – nye læreplanar grunnskule <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/>

I denne planen er det fokus på lesing og skriving som grunnleggjande dugleikar. Lesing og skriving er i læreplanen definert som to av dei fem grunnleggjande ferdigheitene som skal vera del av den faglege kompetansen og nødvendige reiskap for læring og fagleg forståing. Det går ei samanhengande line frå den første lese- og skriveopplæringa til det å kunna lesa avanserte faglege tekstar.

I føremål med opplæringa ³står det mellom anna at elevane skal læra å tenkja kritisk, i lesesamanheng meint som å stilla gode spørsmål til tekstane ein les gjennom å vurdera form, innhald og struktur. Ein må læra å stilla gode spørsmål under lesing gjennom modellering og øving i undervisninga.

Digitale media har ført til ein auke i visuell kommunikasjon. Elevane må læra spesialisert tekstkompetanse slik at dei kan forstå samansette tekstar med fleire meningsberande element. Literacy tyder tekstkompetanse eller tilgangskompetanse og er eit sentralt omgrep som handlar om å tolka, forstå og sjølv ta i bruk ei rekke meningsskapande ressursar for å attskapa og produsera tekst. Skriving i norsk inneber å uttrykkja seg med ein stadig større språkleg tryggleik på både hovudmål og sidemål. Den første lese- og skriveopplæringa skal vera på eleven sitt hovudmål.

Alle lærarar må arbeida med språkpakkane om oppfølging av resultat på nasjonale prøver⁴ for å kunna støtta lese- og skriveopplæring i alle fag. Slik kan skulane få gode system for oppfølging av den einskilde lesar og gi kvar elev funksjonell lese- og skriveugleik og tekstkompetanse. Det same gjeld kartleggingsprøvene i lesing. Kvar elev skal få tilpassa opplæring og tidleg innsats ved trong for det, inkludert intensiv opplæring. Eventuelle tiltak skal vera dokumenterte systematisk i ei individuell pedagogisk kartlegging, jamfør mal i Compilo.

Alle barneskulane skal ha lærarar som er sertifiserte til å kartlegga leseferdigheiter via Logos og utarbeida tiltak i høve dysleksi. Dersom ein jobbar systematisk med skulane sine system for oppfølging og har færre enn 20 prosent av elevane på/under bekymringsgrensa på kartleggingsprøvene i lesing, vert det lettare å identifisera kven elevar som kan ha lesevanskar tidleg i opplæringa, slik at desse elevane kan få skreddarsydde opplegg og funksjonelle verktøy i lesing og skriving.

Skulebiblioteket skal verta nytta aktivt i undervisninga og vera forankra i skulen sine årsplanar. Når elevane har tilgang til mange, ulike tekstar, kan det gjera dei til betre lesarar. Sjå Stord kommune sin skulebibliotekplan for meir informasjon om korleis skulebiblioteket kan vera ein lærings- og dannelsingsarena som kan vera med på å fremja fagleg og sosial inkludering.

³ Formålet med opplæringa <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/formalet-med-opplaringen/>

⁴ Nasjonale prøver i lesing <https://sprakloyper.uis.no/ungdomstrinn/fagovergripende-lesing-og-skriving/nasjonale-prover-i-lesing/>

2 Barnetrinn

Når me skal arbeida med elevane si læring og utvikla kunnskap, forståing og ferdigheiter i faga, må me arbeida med språk. Lesing og skrivning er grunnleggjande dugleikar og føresetnader for all læring gjennom heile livet.

Aktuelle spørsmål i høve oppstart av arbeid med språkløypene er:

Hva kjennetegner skolens lese- og skriveopplæringspraksis?

Hvilke områder innenfor lesing og skrivning ønsker vi å videreutvikle?

Hvordan kan vi lære og utvikle oss gjennom utforskende samtaler?

Henta frå språkløypene sin startpakke for barnetrinnet:

<https://sprakloyper.uis.no/oppstart-barnetrinn/oppstart-av-arbeid-med-sprakloyper>

Det er viktig at profesjonsfelleskapet har ei felles forståing av kva det inneber å vera lese- og skrivelærer i alle fag.

Resultat frå nasjonale prøver kan og bør verta nytta aktivt i arbeidet med å utvikla elevane sine leseferdigheiter og tekstkompetanse. Ein føresetnad for dette er at alle faglærarane går inn i prøvene, studerer tekstar og oppgåver og reflekterer over elevane sine resultat. Det er utarbeidd eigne språkløyper om dei nasjonale prøvene i lesing⁵.

2.1 Lesing som grunnleggjande dugleik

2.1.1 Lesing av ulike kjelder om same tema

Elevane bør lesa multiple tekstar (ulike kjelder) om same tema for å utvikla kritisk tenking. Det kan vera lurt å lesa tekstar høgt for gruppa/klassen og forklara vanskeleg ord, slik at alle elevane vert fagleg inkluderte. Så kan ein ha samtalar om tekstane og nytta ulike strategiar som til dømes tokolonnenotat eller startsetningar for å utvikla elevane si leseforståing og snakka om føremålet med tekstane. Elevane skal lære å sjekka kjelder.

Lærarane må gi elevane ulike leseoppdrag til ulike tekstar. Ein kan variera med samansette tekstar, bilete og/eller film. Ein kan til dømes oppsummera innhaldet i ein tekst i ein debattkafé i klasserommet.

⁵ Språkløype om nasjonale prøver i lesing (mellomtrinn og ungdomstrinn)

<https://sprakloyper.uis.no/ungdomstrinn/fagovergripende-lesing-og-skriving/nasjonale-prover-i-lesing/>

2.1.2 Leseflyt

Alle lærarar er leselærarar og skal arbeida eksplisitt med ulike delkomponentar knytt til lesing av fagtekstar, til dømes leseflyt. Automatisert ordgjenkjenning er ein viktig faktor når det gjeld leseforståing. Me får med oss innhaldet lettare når me kan lesa uhindra. All undervisning kan støtta leseflyt fordi om dette ikkje er hovudmålet. For å støtta elevane si utvikling av leseflyt, bør ein veksla mellom blikk for heilskap og blikk for detaljar. Elevar kan kjenna att fagord i teksten og få kunnskap om delar i ord/heile ord og tekst.

Elevane treng å møte store mengder tekst når lesekode er knekt. Gjennom tilgang til og lesing av mange og varierte tekstar kan dei få utvida ordforrådet og auka mengd automatiserte ord. Skulebiblioteket sitt utval og presentasjon av bøker kan vera motiverande i denne samanheng.

Det kan vera lurt å bruka meir tid på somme vanskelege tekstar med modellering av ulike strategiar heller enn å lesa mengdevis når ein vil forklara utfordrande ord for å fremja leseflyt. Det kan ein gjera gjennom å bruka ordkart, med fokus både på innhald og form. Framandord er viktige for å forstå innhald i tekst, og ein må arbeida med vokabular; generelle akademiske ord, samansette ord, formsida og tydinga til ordet.

Ein kan og arbeida med rettskriving i tilknytning til tekst, til dømes dobbel konsonant, stumme bokstavar, konsonantopphoping, samansette grafem og diftongar. Ukjende ord, lange ord, og ord med kombinasjonar av bokstavar treng å bli sette inn i ein kontekst.

Ein må lytta til elevar som les høgt for å finna ut kva ord som er utfordrande i høve leseflyt. Elevane kan lesa høgt på ulike måtar:

- Gjennom førlesing kan ein skapa forventingar og bli kjende med sjangeren.
- Korlesing kan trenna uttale og gi støtte til avkoding, samt gjera ein bevisst på at nokre ord er vanskelegare å lesa enn andre.
- Høgtlesingsaktivitetar kan ha som føremål å fremja leseflyt.

Sjå språkløypene på nett for døme på arbeid med lesing og leseflyt i ulike fag.

2.1.3 Språk og vokabular

Alle fag består av språk. Elevane må få bruka språket på varierte måtar i ulike kommunikasjonssituasjonar. Ein lærer språk best i samhandling med andre. Samtale er eit sentralt element i alle fag.

I samtale med elevar må ein stilla opne eller autentiske spørsmål som læraren ikkje sjølv nødvendigvis veit svaret på. Det bør vera opne samtalar som inneheld element av utforsking eller kunnskapsbygging. Forsking syner at lærarane snakkar mykje, faktisk om lag halvparten av tida. Læraren må ha fokus på samtalestruktur slik at alle elevane får øva seg på å bruka språket i lag med andre. Elevane må få tenketid. Dei kan tenkeskriva eller snakka med læringsvenn før dei skal delta i samtale. For å få til læringsfremjande og språkutviklande samtalar må elevane vera aktive språkbrukarar i prosessen med å konstruera eiga forståing.

Gjennom oppfølgingsspørsmål kan ein skapa ein flyt i samtalen som kan føra til djupare forståing. Det vert viktig å plukka opp og bygga vidare på elevane sine innspel gjennom å formulera om og sjå samanhengar. Lærarane må uttrykka seg fagleg presist og bygga bru mellom kvardagsspråk og akademisk fagleg språk.

For å beherska eit språk, må ein ha tilgang til eit rikt ordforråd. Arbeid med vokabular skal heile tida vera knytt til tekstane som elevane møter i skulekvardagen. Ein må etablere praksis som er med på å utvikla elevane sine språklege dugleikar som integrert i alle fag.

2.1.4 Samanheng mellom vokabular og leseforståing

Arbeid med ord som integrert del av leseopplæringa er særskild viktig i elevane si språkutvikling på mellomtrinnet. Barn med stort ordforråd vil ha betre leseforståing enn barn med lite ordforråd. Barn sitt vokabular i førskulealder kan forklara barn si leseforståing mange år seinare.

Skulespråk, eller det skriftlege språket som vert nytta i lærebøker, inneheld ofte andre ord enn dei elevane møter i daglegtale. I høve utvikling av ordforråd må ein vera merksam på at minoritetsspråklege elevar ofte kan avkoda tilfredstillande utan å ha god nok forståing av ord. Ein kallar det ein slags «fjerdeklasseknekk» dersom elevane sitt ordforråd er for lite til å forstå lærebokstekstane som frå 5. trinn inneheld vanskelegare tema og fleire vanskelege ord. Ein må jobba systematisk over tid for at alle elevane skal utvikla eit godt ordforråd. Undervegsvurdering er viktig og i ordlæring.

Leseaktivitetar prega av dialog er bra for å utvikla språkforståinga. Det er tre viktige prinsipp for vokabularinstruksjon som gir auka sjanse for at elevane lærer ordet:

1. Å gi ein definisjon av og kontekstualisera ordet
2. Å la elevane vera aktive i bearbeiding av ordet
3. Å la elevane møte ordet mange gonger i meningsfylte kontekstar

Desse prinsippa vert på mange måtar vovne inn i kvarandre. Det er ikkje nok å gi elevane ein ordboksdefinisjon av ordet og skriva ei setning med ordet. Kontekstualisering er spesielt viktig for minoritetsspråklege elevar.

Når me lærer nye ord, går me gjennom ein prosess frå å ikkje ha kunnskap om ordet til å kjenna att ordet og deretter kunna bruka ordet sjølv. Det å kunna eit ord er mangesidig og komplekst.

Korleis skal me velja fokusord i planlegging av undervisning?

- Fokusord må vera knytt til tema for å kunna gi auka leseforståing.
- Ord kan delast i tre nivå: 1) Enkle vanlege ord (på lågare klassetrinn og hjå fleirspråklege elevar i starten), 2) Generelle akademiske ord som går på tvers av fag (det finst mange av desse spesielt i lærebøker frå og med 5. trinn), og 3) Fagord knytt til eit spesifikt fag.
- Uttrykk som me ikkje alltid skal forstå bokstaveleg kan vera vanskelege å forstå og tileigna seg, kan henda spesielt for fleirspråklege elevar.
- Det kan vera hensiktsmessig å jobba systematisk med fem ord per veke, enten jobba temabasert eller velja ord frå eitt fag i byrjinga. Alle lærarane må jobba med fokusorda i sine fag. Dette kan vera nok til å fungera som eit stillas. Arbeid med fokusord må bli tatt opp kvar dag og ikkje verta avgrensa til ein time i veka. For at eit ord skal bli lært, må elevane møte ordet mange gonger og i ulike kontekstar.

Ordinnlæring må vera ein integrert del av undervisninga heile veka, og ein må samarbeida tett med SNO-lærarar og morsmålslærarar. I språkløypene finn ein fleire døme på korleis ein kan samarbeida om felles ordbank.

2.1.5 Leseforståing

Å lesa med forståing er å kunna finna informasjon i tekst, kombinera informasjonen med eigne tankar og erfaringar, sjå samanhengar og vurdera teksten si form og innhald. Målet er å leggja til rette for at elevane er aktive, spørjande og strategiske i møte med tekst.

Definisjonen av leseforståing er meir enn avkoding og språkforståing. Mening vert skapt i møte mellom lesar og tekst – det er lesaren som gir teksten mening. Ein må utfordra lesaren på å gå i djupna og ikkje berre stilla overflatespørsmål. Lesing er eit samspel mellom **teksten** og **lesaren** sine kognitive tankeprosessar i dei sosiale **rammene**.

Leseforståing = avkoding x språkforståing x kontekst
--

OECD (2016) definerer leseforståing slik:

«Leseforståing inneber at elevane kan forstå, bruka, reflektera over og engasjera seg i skriftlege tekstar for å nå sine mål, for å utvikla sin kunnskap og sine evner, og for å delta i samfunnet. Lesing skal nyttast til eiga læring og utvikling, og målet er å bli i stand til å delta i eit stadig meir tekstbasert samfunn.»

Skjelbred (i Lesesenteret sin fagfilm om leseforståing) seier at å lesa er å vita korleis ein oppfører seg i ein skriftkultur. Det er ein måte å vera på i eit moderne tekstbasert samfunn. Å oppføra seg i ein skriftkultur syner til omgrepet lesekompetanse. Lesekompetanse er meir enn leseugleik. Det er eit livslangt prosjekt fordi me utviklar oss som lesarar heile livet.

Lærarane som skal leggja leseundervisninga til rette står overfor ei rekke val knytt til føremål, tydelege mål og framgangsmåte:

- ✓ Kva tekstar skal ein nytta?
- ✓ Skal alle elevane få den same teksten?
- ✓ Kva slags leseaktivitet/-oppdrag skal elevane få?
- ✓ Kva skal elevane oppnå med lesinga?
- ✓ Kva skal til for å få elevane nysgjerrige på teksten og vera aktive?
- ✓ Kva er meningsfylte lesesituasjonar?

Lesestrategiar har fått auka fokus. Elevane treng ei verktøykasse som dei kan velja strategi frå ut frå føremålet med lesinga. Lesestrategiar er mentale prosessar som føregår i hovudet vårt. Korleis får me elevane til å nytta strategiane og når dei ikkje vert direkte oppfordra til det?

Tenkemåtane må verta modellerte. Me må synleggjera korleis strategiane kan vera viktige for tenkemåtane slik at elevane kan overføra dei til ulike situasjonar. Modellering er ein føresetnad for bruk av strategiar. Det finst ulike kategoriar med strategiar:

- Minne/hukommelse
- Organisering
- Utdjuping
- Overvåking

Dei tre siste vert sett på som djupe strategiar fordi dei grip inn i lærestoffet ved å skapa samanhengar som kan gi ein betre og djupare forståing av teksten.

2.2 Skrivning som grunnleggjande dugleik

Skriving er ein reiskap for kunnskapsutvikling på same tid som det er ein reiskap for å synleggjera kunnskap i dei ulike faga. Dei eldste elevane treng og eksplisitt

skriveopplæring, på same måte som dei yngste. Modellering, modelltekstar, klare føremål og tydelege rammer for elevane sine skriveoppgåver, samt støtte og rettleiing i elevane sine skriveprosessar er viktige komponentar i ei slik skriveopplæring. Alle elevane, uavhengig av føresetnader, skal få tilgang til dei ulike tekstkulturane i skulen.

Skrivesenteret presenterer fem prinsipp for god skriveopplæring i sine fagfilmar om skriving:

- Skriv mykje på faget sine premiss og bruk skriving i kunnskapstileigning, både gjennom å skriva på tvers av fag og å skriva på faget sine premiss.
- Bruk formativ vurdering til å fremja elevane si skriveutvikling gjennom læringsfremjande vurderingspraksis. Respons på tekstutkast må koma undervegs i skriveprosessen slik at eleven har moglegheit for å omarbeida teksten sin. God vurderingspraksis handlar om å finna områda der eleven er på veg til å meistra noko nytt.
- Gjer elevane til strategiske skrivarar. La elevane få erfaring med eit repertoar av strategiar slik at dei seinare kan nytta dei strategiane som framstår som mest nyttige. Fortel at skriving er hardt arbeid gjennom å synleggjera arbeidet som ligg til grunn for ferdige tekstar. Det kan vera lurt å dela skriveprosessen inn i ulike fasar. Skrivetrekanten illustrerer forholdet mellom form, innhald og mottakar/føremål. Revisjonsfasen er meir enn språkvask, jamfør skrivetrekanten – og ein må lesa teksten med mottakarane sitt blikk.
- Gi rammer som støtte for elevane si skriving. Skriving er ein kontinuerleg prosess der ein lærer gjennom dialog, modelltekstar og/eller skriverammer. Sjå på språklege og strukturelle val som er gjort i teksten saman med elevane; det er ikkje berre å dela ut ein tekst – me må avsløra forfattarhandverket.
- Skap eit klasserom der ein diskuterer tekst og skriving. Tekst og skriving må løftast fram i alle fag. Legg til rette for samtale om skriving og om tekstar. Set skriving på dagsorden.

Elevane skal erfara to typar skriving; tenkeskriving, som er uformell utforskande skriving der ein konsentrerer seg om tankeutvikling og innhald, og presentasjonsskriving, som er ein meir formell form for skriving der ein kommuniserer med ein ekstern mottakar på ein fagleg relevant måte. Presentasjonsskriving er fagspesifikk skriving der ein bør kjenna til og få rettleiing i faget sin tekstkultur. Minoritetsspråklege elevar kan få tenkeskriva på morsmålet sitt.

For å få rettleiing og utvikla seg til kompetente skrivarar, må skriveopplæringa først og fremst gå føre seg på skulen. Læraren må møta kvar einskild elev der han/ho er i si skriveutvikling.

Læraren kan nytta skriveplanleggjaren, eller baklengs planlegging, når han/ho skal leia gode skriveprosessar. Når ein lagar skriveoppgåver, må ein spør seg sjølv om eleven vert ein betre skrivar av å svara på oppgåvene ein lagar.

Det kan vera tenleg at skulane i kommunen nyttar same digitale skriveprogram med lydstøtte slik at elevar, føresette og lærarar/ressurspersonar opplever kontinuitet og får godt utbytte av verktøyet. Alle tilsette ved skulane bør vera godt kjende med det skrivestøtteverktøyet skulen nyttar, slik at elevane med sine føresette kan få god oppfølging med å koma i gong med skrivestøtteprogrammet, prøva det ut og verta sjølvstendige i bruk av rettskrivingsprogrammet. I Stord nyttar skulane per dags dato IntoWords og/eller Textpilot. Merk og at bruk av skrivemalar som ligg i IntoWords kan gjera skriveoppgåver meir overkomelege for mange elevar. Desse malane kan nyttast i større grupper/klassar for å bidra til inkluderande praksis. Gjennom bruk av språkplanen og erfaringar tilsette og elevar gjer seg ved bruk av både Textpilot og IntoWords vil ein

saman med PPT finna ut om det er tenleg at alle skulane nyttar same program og kva det eventuelt bør vera. Dette vil verta vurdert undervegs og ein vil leggja til rette for medverknad frå alle brukarar i vurderinga. For eleven og dei føresette er det sjølvstendig viktig at barnetrinn og ungdomstrinn i eleven sin krins legg til rette for at eleven kan nytta det skrivestøtteprogrammet ein er kjend med gjennom heile grunnskulen.

I språkløypene på nett finn ein gode døme på skriveopplæring på faga sine premiss, både fagovergripande og fagspesifikk skrivning.

2.3 Lese- og skriveteknologi

Å nytta lese- og skriveteknologi ⁶(LST) bør vera ein naturleg del av lese- og skriveopplæringa. Elevane bør læra å nytta verktøy som finst i Word og Google, samt kva dei kan nytta i tillegg.

I Stord nyttar grunnskulane Lingdys/Textpilot til elevar som treng lese- og skrivestøtte. Dette verktøyet er godkjent til eksamen for elevar med dysleksi. Det er viktig at verktøyet vert tatt i bruk ved behov på barneskulen, slik at eleven opplever eit heilskapleg opplæringstilbod gjennom heile grunnskulen. For å få til inkluderande praksis, skal alle lærarane vera leselærarar, i alle fag, og alle lærarane skal kunna leggja til rette for og hjelpe elevar med Lingdys/Textpilot.

Alle elevane på 1. trinn i Stordskulane kan nytta opplesingsverktøyet IntoWords via På sporet når dei skriv på PC. Her kan dei få lese opp lyden til bokstaven dei skriv.

Når elevane kan bruka teknologi som kan støtta læringsprosessane, kan alle få same oppgåve, noko som vil fremja fagleg inkludering. Lese- og skriveteknologi er for alle elevar; LST vil fungera meir som stillas for nokon og alle elevar treng ikkje dette, men det fremjar inkludering å ikkje vera den einaste eleven som får alt digitalt.

Lærarane bør i stor grad digitalisera tekstane til elevane og ta i bruk kompetansen ein har i LST til å støtta eleven i læringsprosessen/rettileiinga. Her vert det viktig å modellera strategiar, samt at eleven opplever at strategiane fungerer. Det kan verta mykje stillasbygging i byrjinga; stillasbygginga er todelt – å kunna dela opp oppgåva og å få oversikt, samt å vita kva ein skal gjera før, under og i etterkant av arbeidet.

Hugs å bruka digitale skriverammer.

2.4 Lese- og skrivevanskar

Læreplanen legg føringar for korleis me skal jobba med lesing og skrivning i alle fag. Dei elevane som ikkje har fått ynskja læringsutbyte i og/eller etter begynnarpoplæring vil ha trong for tidleg innsats og/eller intensiv opplæring. Ein kan lesa meir om lese- og skrivevanskar 3.-7. trinn i språkløypene⁷ på nett og få hjelp til å koma i gong med eigna tiltak: <https://sprakloyper.uis.no/barnetrinn/vansker-med-sprak-lesing-og-skriving/lese-og-skrivevansker-3-7-trinn>.

⁶ Språkløype og LST <https://sprakloyper.uis.no/ungdomstrinn/vansker-med-sprak-lesing-og-skriving/lese-og-skriveteknologi>

⁷ Språkløype om lese- og skrivevanskar 3.-7. trinn <https://sprakloyper.uis.no/barnetrinn/vansker-med-sprak-lesing-og-skriving/lese-og-skrivevansker-3-7-trinn>

På Statped sine nettsider om digital lese- og skrivestøtte ⁸ finn ein informasjon og tips til pedagogisk bruk av teknologi for elevar med lese- og skrivevanskar: <https://www.statped.no/laringsressurser/sprak-og-tale/temaside-om-digital-lese--og-skrivestotte>.

«Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» er ei satsing som vil prega grunnskulane frå hausten 2021. Målet er at:

- alle barn og elevar opplever å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule.
- alle barn og unge skal få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel - uavhengig av sine føresetnader.
- barnehagar, skular, PP-tenesta og andre i laget rundt barnet og eleven må jobba saman for å skapa eit inkluderande fellesskap.
- det pedagogiske tilbodet må tilpassast slik at alle får eit best mogleg utgangspunkt for utvikling og læring.

Kompetanseløftet skal bidra til at det er tilstrekkeleg kompetanse som er tett på barna og elevane. Dei tilsette treng kompetanse til å kunna førebygga utanforskap, fanga opp utfordringar og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert dei som har behov for særskilt tilrettelegging. Samstundes er det nokre barn og elevar som har så store og komplekse behov at det vil vera behov for spesialisert kompetanse frå Statped.

2.5 Alternativ supplerande kommunikasjon (ASK)

I ein inkluderande praksis må tilsette ved skulane kjenna til og kunna leggja til rette for alternativ supplerande kommunikasjon (ASK), noko som inneber å kunna kommunisera på andre måtar enn gjennom talespråk. Ein person sitt språk er heilt nødvendig for denne personen si språklege, sosiale og faglege utvikling. Ein kan lesa meir om ASK på Statped sine nettsider: <https://www.statped.no/ask/>.

For elevar som nyttar ASK er det to mål i opplæringa; eleven skal læra ASK for å kommunisera og eleven skal kunna bruka ASK for å utvikla kunnskap og læra ferdigheiter. Sjå <https://www.statped.no/alternativ--supplerende-kommunikasjon-ask/alternativ-supplerende-kommunikasjon-ask-i-skolen/> for informasjon og meir kunnskap om ASK.

Barneskulane har frå skuleåret 2022/23 lisensar til den digitale «Askbanken». Skulane kan nytta symbolkorta i undervisninga og i SFO, både ved gjennomgang av dagens økter, i språkundervisning og i kommunikasjon. Barnehagane nyttar Ask Rolltalk Design for Print. Bruk av dei same symbola i barnehage og skule kan gjera overgangen frå barnehage til 1. trinn og SFO enklare, og slik fremja inkludering.

⁸ Statped si temaside om digital lese- og skrivestøtte: <https://www.statped.no/laringsressurser/sprak-og-tale/temaside-om-digital-lese--og-skrivestotte>

2.5 Begynnaropplæring

Skriving er å ha noko på hjartet, å uttrykka seg og ha meiningar. Dei yngste elevane forstår skriving betre enn lesing, og skriving er motoren når dei skal knekka lesekodan. Skriving vil styrka elevane sitt fonologiske medvit, bokstavkunnskap, stimulera attkjenning av ord, og elevane vil læra bokstavane raskare⁹.

Mange lærarar seier at dei ikkje legg til rette for så mykje skriving med elevane på 1. trinn. Me må utnytta handlingsrommet me har i klasserommet og setja av tid til skriving kvar dag. I Stord skal me undervisa etter rask bokstavprogresjon – det tyder at gammal skrivepraksis må ryddast vekk og me må utnytta potensialet som skriving kan ha for lesing. Me vil verdsetja 6-åringane si første skriving og inkludera dei som skrivarar, ikkje øveskrivarar. Samstundes skal me driva med balansert leseundervisning for at elevane kan automatisera bokstavkunnskap og utvikla god leseforståing og tekstkompetanse.

Ei skriveøkt kan gjerne ha utgangspunkt i ein aktivitet, som her når ein brukar språk i samarbeid om «fallskjermen»:



Foto: Ingrid Kvernenes Misje

2.5.1 Språkleg/fonologisk medvit

Å læra seg skriftspråket krev eit visst nivå av kognitive ferdigheiter. Barn må kunna forstå ord og omgrep som danner grunnlag for skriftspråkleg forståing knytt til lyd og form¹⁰. 6-åringane må få leika med språket og utforska mangfaldet språk byr på. Boka *Språkleker* av Jørgen Frost og Anette Lønnegaard er ei samling praktiske språkleikar som kan vera til nytte i den første lese- og skriveopplæringa. *Språksprell i skolen* av Line Olvik og Anne Marit Valle er og ein nyttig ressurs i høve metodiske språkleikar.

2.5.2 Lesing i begynnaropplæringa

For å fremja kvar elev sine leseferdigheiter må me leggja til rette for individuell lesing, formidling av litteratur og rettleia lesing. Tilpassa opplæring er ein føresetnad for at alle elevane skal oppleva meistring og få utfordringar. Å forstå talespråket er ein føresetnad

⁹ Peter Elbow i *Writing first!*, presentert av Anne Håland og Toril Frafjord i «God start – 2. konferanse i begynneropplæring» ved Høgskulen på Vestlandet 30.-31. januar 2020.

¹⁰ Heftet «Når skriftspråket blir utfordrende» frå Lesesenteret (2016)

<https://www.uis.no/nb/hefte-nar-skriftspraket-blir-utfordrende>

for lese- og skriveutvikling. Å læra å lesa handlar om å kopla saman talespråk og skriftspråk.

Den første leseopplæringa vert ofte knytt til to ulike tilnærmingar; tradisjonane phonics og whole language.

Phonics-metoden er å læra språklydar og kopla dei med rette bokstavar, og så set ein bokstavane til desse lydane saman til ord etter det alfabetiske prinsippet. Dette fordrar fonemisk medvit og ei tydeleg og eksplisitt bokstavinnlæring. Kunnskap om bokstavlydar gir kunnskap til å lesa og skriva nye ord. Ein må automatisera avkodinga, og lesetrening er ein føresetnad for leseforståing. Barna som har fonologiske vanskar eller avgrensa korttidsminne kan lett stagnera med ein einseitig fonologisk lesestrategi. Det er vanskeleg å lesa høgfrequente ord med phonics-metoden, og somme elevar kan oppfatta at dei må lydera og heng igjen i lydering fordi dei trur dei skal lydera orda på denne måten først. Elevane må ha gjennomgått ein del bokstavar før tekstane dei skal lesa gir mening. Elevar som kan lesa kan oppleve for få utfordringar med phonics-metoden fordi denne metoden først og fremst trenar avkodingsferdighetene.

Whole language som metode er å starta med ein heil tekst med fleire setningar og bryta teksten ned til ord og språklydar. Ei blanding av dei to metodane har vore mest brukt i seinare tid, og ein fokuserer no mest på meningsaspektet ved lesing. Det viktigaste er å læra samanhengen mellom heile ordbilete og orda si mening. Innhaldsforståing, meningssøking og lese lyst skal vera viktige faktorar heilt frå begynnaropplæringa startar. Whole language vert kalla ein implisitt metode, der ein trur at med rette impulsar vil barn kunna utvikla lesing og skriving som resultat av ei slags indirekte læring. Metoden er fokusert på meningsaspektet i lesing som utgangspunkt for læring. Innhaldet i ord og tekstar skal vera på barnet sitt nivå i staden for å nytta enkle tekstar som i phonics-metoden. Negative konsekvensar kan verta at ein fokuserer for lite på kopling mellom lyd og bokstav, noko som gir lite trening i avkodingsferdigheiter, og elevar kan bli verande i ein logografisk lesefase for lenge.

Når det gjeld metodeval i begynnaropplæringa, vil me i Stord leggja til rette for **balansert undervisning**. Lese- og skriveopplæringa skal vera både ei syntetisk og ei analytisk tilnærming. Balansen mellom desse metodane skal verta styrt av lærarane som til kvar tid må vita når det er mest hensiktsmessig å nytta dei ulike metodane. Ein må løysa opp skilja mellom phonics og whole language slik at alle barn får det dei treng gjennom tilpassa opplæring. Trening på leseferdigheiter skal ikkje gå føre seg isolert, men vera integrert i lese- og skriveaktivitetar. Læraren må vita kva eleven treng for å utvikla leseferdigheitene sine vidare. Me må møta elevane med høge forventingar og oppmoda elevane til å vera fagleg sjølvstendige. Dette skal me gjera gjennom å balansera mellom å nytta gode tekstar med mening i opplæringa og driva med eksplisitt undervisning.

Tydelege rammer skaper gunstige tilhøve for læring. I Stord vil me at nokre rammer skal vera like i leseopplæringa for alle elevar på 1. trinn, som til dømes at lærarane nyttar både syntetisk og analytisk metode for å tilpassa leseundervisninga.

Alle lærarar skal vidare leggja til rette for **retteia lesing**¹¹. Elevar som er på same nivå i leseutviklinga si kan få tilpassa opplæring i grupper. Gruppene kan få ulike tekstar eller gå inn i same tekst på ulike måtar. Elevane blir retteia der dei er, noko som gjer at dei gjennom støtte og retteiing vert motiverte og opplever ei kjensle av meistring,

¹¹ Artikkel «Retteidd lesing – ei ramme for den første leseopplæringa http://www.skrivesenteret.no/uploads/files/PDF/Retteidd_lesing_-_Solheim_og_Aasen.pdf

uavhengig av lesenivå. Rettleia lesing kan verta kombinert med stasjonsundervisning eller anna type arbeidsprogram.

Rettleia lesing gir og moglegheit for intensiv opplæring ¹²gjennom å vera ei målretta og strukturert undervisningsform som kan fremja elevane sine leseferdigheiter. Gjennom rettleiing i små grupper kan læraren modellera og forklara avkoding og fremja leseforståing gjennom

- eksplisitt avkodingstrening som å kjenna att bokstavar, delar av ord og heile ord.
- samtale om språk, innhald og lesestrategiar.
- tekstar som kan motivera til lesing.

Eksplisitt avkodingstrening kan vera arbeid med stavingar knytt til tekst, noko som kan vera god hjelp på vegen mot å lesa heile ord og læra elevane om utfordringar i skriftspråket. Like eins å identifisera morfem i ord. Eller ein kan snakka om at i samansette ord er det det siste ordet som er meiningsberande. Forstavingar og endingar er andre fokusområde.

Leseforståing kan ein arbeida med gjennom å aktivera forkunnskap, sjå på bilete, gi gradvis større utfordringar med teksten når elevane les betre, og til dømes gjennom å trekka slutningar. Ein kan utforska ulike element i teksten. Målet er å bli ein strategisk lesar som forstår det han/ho les. Å lesa høgt i rettleia lesing er kan henda viktigare enn stillelesing i den første lesefasen fordi læraren då kan kartleggja delferdigheiter systematisk undervegs. Ein kan gjerne nytta nivåtilpassa småbøker ¹³til dette først, men etter kvart kan og bør ein nytta andre typar tekstar i rettleia lesing. Elevane vil etter kvart ta strategiane dei har arbeidd med over i eiga lesing.

Lesestimulering og litteraturformidling må vera sentrale element i undervisninga på 1. og 2. trinn. Både eleven si eiga lesing og motivasjon og læraren si formidling av litteratur med fokus på utvalde delar som ein går i djupna på kan fremja tekstkompetanse. Det kan vera stor forskjell i lesedugleik mellom elevar som les litt og dei som aldri les. Det er viktig å vera bevisst korleis ein kan stimulera elevane si lesing, og dette er særleg ei utfordring når elevane ikkje kan lesa sjølv. Tilgang til litteratur kan bidra til at barn vert glade i bøker. Desse faktorane kan stimulera til lesing:

- Ha bøker i klasserommet.
- Sett av tid til lesing.
- Skap eit miljø som innbyr til lesing.
- Det må vera nokon som formidlar bøker i klasserommet.
- Lærar må modellera eiga nysgjerrigheit.
- Det må vera nokon vaksne i klasserommet eller skulebiblioteket å snakka om lesinga med.

Høgtlesing og litterære samtalar kan bidra til at ein ser verda frå ein annan synsvinkel, kjenner på andre sine kjensler og utviklar empati, samt gir tilgang til tema som elevane kan henda ikkje ville kome på sjølv. Samtale både før, under og etter lesing er viktig. Ein litterær samtale er ein klasse-/gruppesamtale som uttrykker leseerfaringar og som har som føremål å undersøka litterære tekstar med utgangspunkt i desse erfaringane. Slike samtalar må verta lærte og øvde opp. Læraren kan til dømes lesa litteratur høgt med innlagde lesestopp.

¹² Jamfør mal for pedagogisk kartlegging som ligg i Compilo

¹³ Lesesenteret har laga ei oversikt der dei har systematisert fleire småbøker etter faglege kriterium.

I møte med skjønnlitteratur tolkar ein teksten og lagar indre førestillingar. Me stiller spørsmål og lagar oss hypotesar. På denne måten vert både lesar og lyttar(ar) aktive medskaparar som fyller inn tomrom i teksten. Høgtlesing gir i prinsippet alle lik tilgang til teksten. Det er ein sosial aktivitet. Elevane utviklar ordforråd og får nye omgrep – både gjennom samtale og bruk av nye ord. Litteratur kan vera mønster for skrivning. Høgtlesing kan gi tilgang til tekstar ein ikkje ville kome på å lesa sjølv. Høgtlesing skal vera ein planlagd aktivitet.

2.5.3 Skrivning i begynnaropplæringa

Skulane må stimulera elevane si utforsking av skrift gjennom å la dei få lov å skriva. Elevane i Stord skal ha ei tilrettelagt skriveøkt kvar dag. Elevane skal få støtte i den tidlege skrivinga både gjennom å oppdaga det alfabetiske prinsippet og at dei har noko meningsfullt å skriva om.¹⁴

Mange elevar skjønar koplinga mellom lyd og bokstav gjennom eiga skrivning. Derfor er det viktig å la dei få skriva sjølv om dei ikkje formelt har lært alle bokstavane. Eiga skrivning gir rom for å oppdaga bokstavar, ord og setningar. Me må anerkjenna skulestartarane sin kompetanse når dei kjem gjennom å **legga til rette for skrivning frå første dag**. Læraren må møta kvar enkelt elev der han/ho er i sin skriveutvikling. Ingenting er rett eller galt i den første skivefasen. Elevane har ofte eit føremål med eiga skrivning – dei skriv gjerne om mellommenneskelege forhold eller for å hugsa ting, seier Anne Håland ved lesesenteret - og etterkvart prøver dei ut nye reglar og samanhengar dei har oppdaga i språket. Det vert naturlegvis ein del skrivefeil når dei utforskar språket, til dømes overforbruk av reglar ein har oppdaga, men dette må dei få ros for. Målet på sikt er å meistra ortografisk skrivning, men undervegs må læraren tilpassa råd og rettleiing til kvar elev sitt nivå.

Det er viktig å byggja stillas rundt elevane si skrivning. Noko meistrar elevane aleine; andre ting treng dei støtte for å meistra. Elevane kan samarbeida og vera stillas for kvarandre. Gjennom samskriving vil dei og ha samtalar om ulike sider ved teksten. Ulike elevar og ulike situasjonar krev ulik tilrettelegging med omsyn til modellering og dialog.

Lærarane kan støtta elevane gjennom heile skriveprosessen gjennom å setja av tid til skrivning dagleg og gjennom ulike tilnærmingar til skrivning:

- val av emne
- modellering (formulera eksplisitt korleis læraren tenkjer)
- samskriving (felles)
- parskrivning
- individuell tekst
- rammeleik med integrerte skriveføremål som fell naturleg i konteksten
- forlag som metode
- legga til rette for lydstøtte i skriveprosessen
- skriva etter mønster av modelltekstar og arbeida kreativt med teikning og skrivning, til dømes med utgangspunkt i ei biletbok
- rettleia skrivning, til dømes på lærarstasjon

Rettleia skrivning, at læraren aktivt gjennom dialog støttar eleven i skriveprosessen, kan ein gjennomføra i fleire fag enn norsk. Rettleia skrivning i gruppe bør starta med ei felles oppleving og kan til dømes vera ein lærarstasjon i stasjonsundervisning. Elevane

¹⁴ Haaland, Anne og Myran, Iris Hansson: Skrivning fra første dag – hvis skolen er forberedt <https://utdanningsforskning.no/artikler/2018/skriving-fra-forste-dag--hvis-skolen-er-forberedt/>

må delta aktivt i dialogen og koma fram til svaret sjølv. Ferdige elevtekstar bør presenterast for andre.

I språkløypene er det fleire språkpakkar om skriving i ulike fag knytt til skriving på faga sine premiss. Skrivesenteret ¹⁵har opplegg for god skriveopplæring frå første dag.

2.5.4 Bokstavlæring

Sikker bokstavkunnskap er eit av dei viktigaste opplæringsmåla i begynnaropplæringa og er ein føresetnad for å kunna oppnå gode lese- og skriveferdigheiter i eit alfabetisk skriftspråk.

I Stord vil me gjennomføra **rask bokstavprogresjon** ved alle skulane. Å læra bokstavar er å få tilgang til skrift. Forsking gir lita eller ingen støtte til sakte bokstavprogresjon, som har vore tradisjon i Noreg gjennom mange år. Det er lurt med rask progresjon både for dei elevane som synest det er lett å læra bokstavar og for dei som finn det vanskeleg, syner forskning presentert av Lesesenteret.

Elevane skal møta minimum to nye bokstavar kvar veka. Ein treng berre bruka eitt minutt på introduksjonen, og så kan elevane få skriva. Så vil det undervegs vera lurt med korte repetisjonar av dei bokstavane som er gjennomgått. På denne måten får elevane arbeida med alle bokstavane over lenger tid, og dei får moglegheit til å lesa og skriva ord med alle bokstavane. Læraren kan raskare leggja merke til kva som er vanskeleg for kvar einskild elev og sørga for at elevane får jobba ekstra med dei bokstavane som er vanskelege. Rask progresjon gir betre moglegheit for tilpassa opplæring, og auka omfang av skriving fremjar skriveopplæringa. Forholdet mellom medvit og automatikk utviklar seg stadig medan ein les. Ferdigheiter vert utvikla medan me utfører dei, over tid. Bokstavar lærer me effektivt gjennom prøving og feiling. Stadig veksling mellom heilskap og delar står sentralt i denne tenkemåten, og ein kan oppnå ein meir hensiktsmessig kombinasjon mellom medvit og automatikk.

Elevane skal utvikla ei samanhengande og funksjonell skrift som skal vera lett å lesa og dei skal etterkvart ikkje bruka energi på sjølve skrivinga. Elevane har kjennskap til bokstavane når dei kjem på skulen, men dei har ofte lært å skriva bokstavane på feil måte. Barn klarer ikkje skriva alle bokstavane rett når dei lærer to bokstavar i veka. Rask gjennomgang av bokstavane tyder ikkje at ein er ferdig med **bokstavforminga**. Ein må leggja til rette for å treni i korte, intense bolkar for å overlæra bokstavforming, helst i sekvensar for seg sjølve. Elevane skal nytta **trepunkts-blyantgrep**.

Det er **dei små bokstavane** som skal brukast. Elevane ser dei små bokstavane mykje meir enn dei ser dei store. Grunnformen av dei små bokstavane liknar dei trykte bokstavane. Elevane må læra både små og store bokstavar. I byrjinga må ein sjå gjennom fingrane med at nokre bokstavar vert skrivne feil når elevane har mykje å formidla.

Automatisert bokstavkunnskap er nødvendig for funksjonelle lese- og skriveferdigheiter. Eleven må meistra å kjenna bokstaven att visuelt og koplå den til rett lyd, å henta bokstaven fram frå minnet og å skriva bokstaven. Når ein elev kan fleire bokstavar utan å kunna lesa og skriva, er ikkje bokstavkunnskapen funksjonell. Eleven vil då ha trong for rettleia lesing og oppdagande skriving.

¹⁵ Skrivesenteret <http://www.skrivesenteret.no/barneskole/>

Når elevane skriv for hand krevst det både at dei kan kjenna att bokstaven og at dei kan henta den fram frå minnet. Ved skriving på tastatur vert det berre kravd at dei kan kjenna att bokstaven.

Det er viktig å **kartleggja elevane sin bokstavkunnskap**. I følgje Lesesenteret er det eit mål at alle elevane har automatisert alle bokstavane i løpet av første trinn; både å kjenna dei att og henta dei fram. Å knekka lesekode er å kunna det alfabetiske prinsippet. Denne strategien kan ikkje nyttast i lesing av alle ord; nokre lydar kan skrivast på fleire måtar - samansette grafem - og nokre bokstavar vert uttala på ulike måtar.

Lesesenteret sin bokstavprøve er eit enkelt, praktisk reiskap som lærarar på 1. trinn kan nytta for å registrera framgang eller stagnasjon i elevane sin bokstavkunnskap.

Dersom lærarar ynskjer å få meir kunnskap om eleven sine skriftspråkrelaterte ferdigheiter i starten av 1.trinn, kan ein og nytta «Skolestart» i Conexus.

Å skriva lydrett på 1. trinn er bra fordi det syner at eleven har forstått og brukar det alfabetiske prinsipp. Ein forventar ikkje at elevar kan skriva lågfrekvente ord ortografisk rett på 1. trinn fordi dei ikkje har nok kunnskap om rettskriving. Det vert viktig **å læra seg skrivemåten til høgfrekvente småord** så tidleg som mogleg slik at desse ikkje vert automatisert feil.

Elevar som strevar med lesing har ofte usikker bokstavkunnskap og vil då lesa unøyaktig og gjetta. Ofte lyderer dei kvar bokstavlyd og har dårleg leseflyt med mange feillesingar. Ein kan høyra på intonasjonen at dei ikkje har forstått det dei har lese. Eleven bør lesa høgt for lærar ofte, slik at læraren kan kartleggja kva han/ho treng rettleiing i for å koma vidare i lese- og skriveutviklinga.

Stasjonsundervisning

Denne arbeidsmåten kan gi læraren moglegheit for å leggja til rette undervisning som gir god bokstavkunnskap og gode lese- og skriveferdigheiter. Målet for metoden er å lukkast betre med tilpassa opplæring og variert undervisning.

Suksessfaktorar kan finnast i rammene:

- oppgåvene på læringsstasjonane skal ha fokus på same læringsmål gjennom ulike tilnærmingar
- felles oppstart og avslutning
- rom for samtale og samarbeid
- faste, men dynamiske grupper – elevane sine behov skal vera styrande
- eit godt organisert klasserom
- modellering
- elevane må vita kva dei skal læra
- metoden krev trening

Alle elevane på 1. trinn i Stord skal få gjera oppgåver knytt til lesing på iPad, kombinert med stasjonslæring eller anna arbeidsprogram.

2.5.5 Når lesing og skrivning vert utfordrande på 1. og 2. trinn

Ein kan lesa meir kunnskapsbasert teori om lese- og skrivevanskar i språkpakkane¹⁶, til dømes i ressursen «På sporet¹⁷» om tidlege intensive tiltak.

Felles tilnærming til
begynnaropplæringa i Stord
handlar om:

Språkleikar

Skriving frå første dag

Rask bokstavprogresjon

Balansert leseundervisning

Rettleia lesing

Rettleia skrivning

Lesestimulering

Litteraturformidling

Høgtlesing

Omgrep

Litterære samtalar



¹⁶ <https://sprakloyper.uis.no/barnetrinn/vansker-med-sprak-lesing-og-skriving/nar-lesing-og-skriving-blir-utfordrende-pa-1-og-2-trinn>

¹⁷ På sporet: Effektive tiltak mot lese- og skrivevanskar
<https://www.uis.no/nb/lesesenteret/paa-spoeret>

2.6 Skulefritidsordninga (SFO) som språkarena

SFO er ein viktig språkarena der barn og vaksne nyttar språket i kommunikasjon, samhandling og leik.

Sosial læring skjer både i undervisninga og i alle andre aktivitetar i skulen sin regi. Ein kan ikkje isolera fagleg læring frå sosial læring; elevane si faglege og sosiale læring og utvikling spelar saman i det daglege.

Å læra å lytta til andre og samstundes argumentera for eige syn gir elevane eit grunnlag for å handtera usemje og konflikhtar, og for å søka løysingar i fellesskap. Slik kan ein gjennom språk skapa eit støttande og raust læringsmiljø som fremjar allsidig utvikling og læring.

Den nye rammeplanen for SFO¹⁸, gjeldande frå august 2021, seier at alle barn skal få gode utviklingsvilkår i SFO. Gjennom innhald og arbeidsmåtar skal ein leggja til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barnet si språkutvikling er nemnt under avsnitt 3.2 om leik:

«Leken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til lek hver dag. Alle barn skal få mulighet til aktiv deltakelse i leken og å oppleve mestring. SFO skal tilrettelegge for og støtte opp om, at leken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal legge til rette for lek som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring. Aktiviteten i SFO skal ha et tydelig barneperspektiv. SFO bør legge til rette for at personalet jevnlig kan diskutere og reflektere over hva lek innebærer, og hvordan man som ansvarlig tilrettelegger opptrer i møte med lekende barn.»

Tilsette i SFO skal vera bevisste på korleis leiken kan bidra til mellom anna språkutvikling.

På biletet under drøymer elevar på SFO seg vekk med kritt på Sagvåg skule – med rom for både å snakka og skriva om tema.



Foto: Laila Gjørseter

¹⁸ Forskrift om rammeplan for SFO <https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

3 Ungdomstrinn

Elevane si læring og utvikling av kunnskap, forståing og ferdigheiter i fag byggjer på arbeid med språk. Lesing og skrivning er grunnleggjande føresetnader for all læring.

Alle lærarane skal vera lese- og skrivelærarar i tillegg til å vera faglærarar.

Kvifor er lesing og skrivning så viktig for å meistra livet?
Kva vil det seia å vera lese- og skrivelærar i alle fag?
Kva tyder lesing og skrivning som grunnleggjande dugleik i fag?
Korleis kan me læra og utvikla oss ved å snakka saman?
Korleis er min eigen og skulen sin praksis med lesing og skrivning?
Kva ynskjer me å utvikla vidare?
Korleis planleggja undervisning som kan utvikla elevane sin kompetanse?
Korleis kan me nytta Leseplanleggjaren i undervisningsplanlegginga?
Spørsmåla er henta frå «Oppstartspakkane» i språkløypene <https://sprakloyper.uis.no/oppstart-ungdomstrinn/vaere-lese-og-skrivelaerer>

LESEPLANLEGGJAREN LESEPRAKSISAR: - flere lesepraksisar på www.lesesenteret.no

MÅL Elevane si læring: kunnskap forståing ferdigheit	FØR Brainstorming «Fleip eller fakta» Rekvisittar Film / bilete / musikk «Grubleteikning» Samtal i par og del Praktiske øvingar	UNDER Arbeid med ord og omgrep Tenkeskriving Stilla spørsmål Oppsummera Organisera kunnskapen Les og sei noko	ETTER Vurdering av elevane sin kompetanse, eksempelvis gjennom: Dialogkafé Skriftleg prøve Digital fotoforteljing Skriva fagrelevant tekst Munnleg framføring / samtale Laga produkt
---	---	---	---

LESEPLANLEGGJAREN FOR LÆRAREN

Mål Er måla for lesinga knytt til Kunnskapsløftet – <ul style="list-style-type: none">• konkrete kompetansemål?• lesing som grunnleggjande ferdigheit?• den generelle delen av Kunnskapsløftet? Er det samanheng mellom tekstval, arbeidsmåtar og vurdering? På kva måte er undervisninga forankra i teoriar om leseopplæring?	Etter lesing Korleis skal elevane få visa kva dei har lært? <ul style="list-style-type: none">• Munnleg, skriftleg eller produkt?• Aleine, par eller i gruppe? Kva stillas må du byggja for at elevane skal visa kompetansane sine? Har elevane vore delaktige i utforminga av vurderingskriteria? Når, på kva måte og korleis skal dei få tilbakemelding?	Under lesing Korleis legg du til rette for at elevane skal forstå det dei les? <ul style="list-style-type: none">• Gjennom bestemte lesebestillingar?• Gjennom ulike lesestrategiar?• Gjennom arbeid med bestemte ord og omgrep?	Før lesing Korleis legg du til rette for at elevane kan: <ul style="list-style-type: none">• vera motiverte og engasjerte?• bli utfordra?• aktivera erfaringar og/eller byggja bakgrunnskunnskapar?• orientera seg i teksten?• sjå kunnskapane dei skal tileigna inn i ein større samanheng?
---	---	--	--

Lesesenteret På tross av omgjalt er «Leseplanleggjaren» kva bestillinga frå post@lesesenteret.no

I språkløypene finn ein fleire døme på arbeid med **fagspesifikk lesing og skrivning**, inkludert sidemål. Ein kan lesa meir om **skulebiblioteket** som pedagogisk ressurs i språkløypene, og www.iktplan.no seier noko om bruk av **digitale verktøy** i lese- og skrivearbeidet. Språkløypene har og ulike språkpakkar om tilpassa opplæring.

I denne planen er det skrivning og lesing i alle fag som har fokus, og så syner ein til språkløypene på nett ¹⁹for meir informasjon om til dømes elevar med lesevanskar og elevar med stort læringspotensiale.

3.1 Fagovergripande skrivning og lesing

3.1.1 God skriveopplæring

Skriving er ein reiskap for kunnskapsutvikling, samstundes som det er ein reiskap for å synleggjera kunnskap i dei ulike faga. Me kan kalla det tenkjeskriving og presentasjonsskriving.

Elevane skal både skriva på tvers av fag og læra å skriva på faga sine premiss. Dei eldste elevane treng framleis eksplisitt skriveopplæring. Viktige komponentar i skriveopplæringa på ungdomstrinnet er:

- Modellering
- Lesing av modelltekstar
- Klare føremål
- Tydelege rammer
- Støtte og rettleiing i skriveprosessane

Å kunna eit fag er å kunna språket til faget.

I tillegg til dette omtalar språkpakken «God skriveopplæring» fem prinsipp for god skriveopplæring²⁰:

- 1) Skriv mykje på faga sine premiss og bruk skrivning i kunnskapstileining.
- 2) Bruk formativ vurdering for å fremja elevane si skriveutvikling.
- 3) Gjer elevane til strategiske skrivarar.
Skrivetrekantane kan vera god med tanke på å fokusera på føremål, form og innhald.
- 4) Gi rammer for elevane si skrivning.
Ein kan leggja til rette for «stillas» i skriveprosessen gjennom dialog, modelltekstar og skriverammer.
- 5) Skap eit klasserom der ein diskuterer tekst og skrivning.

Fagspesifikk skrivning, skrivning på faga sine premiss, kan ein starta med allereie frå 1. trinn. Elevane må sjølv få erfaring med å lesa og skriva tekstar i faga. Kunnskap om fagtekstar må gjerast eksplisitt for elevane på alle trinn, slik at dei heile tida kan få konkret hjelp til å utvikla tekstkompetansen sin. Kommunikasjon, innhald, tekstoppbygging, språkbruk, rettskriving, teiknsetjing og bruk av skriftmediet er ulike deldimensjonar ved skrivning.

Norskfaget har eit særleg ansvar for å utvikla elevane sin tekstkompetanse, fordi om det skal vera skrivning i alle fag på faga sine premiss. Det er viktig at alle lærarar ser på seg sjølv som faglærarar OG lese- og skriveopplærarar. Kvart fag har sine omgrep, tekstar,

¹⁹ <https://sprakloyper.uis.no/ungdomstrinn>

²⁰ <https://sprakloyper.uis.no/fagovergripende-lesing-og-skriving/fem-prinsipper-god-skriveopplaering/god-skriveopplaering/fagfilm-fem-prinsipper-god-skriveopplaering>

tenke- og arbeidsmåtar. Ein bør nytta både læreboktekstar og autentiske tekstar i undervisninga.

Før elevane skal skriva sjølv er det viktig å bygga kunnskap (innhald, førforståing, sjanger), dekonstruera modelltekst (form og funksjon, på makro- og mikronivå), konstruera tekst i fellesskap, og skriva individuelt. Dette er tidkrevjande prosessar, så det må vera avklart i faga sine årsplanar kva teksttypar ein skal jobba med i kvart fag.

Når elevane skal skriva sjølv, kan ein nytta til dømes modelltekstar og/eller skriverskjemmer.

Elevane treng å utvikla eit metaspråk for å kunna diskutera tekst, tekstopppbygging og kjenneteikn på tekstane. For at eleven skal utvikla revisjonskompetanse i høve eiga skriving, vert læringsfremjande og funksjonell vurdering viktig. Responsen må vera selektiv og forståeleg, og den må koma undervegs i skriveprosessen dersom eleven skal kunna nyttiggjera seg framovermeldinga frå læraren. Det er og viktig at responsen vert gitt i ein dialog mellom skrivar og responsgivar, samt at responsen motiverer for redigering av teksten. Når eleven kan veksle mellom skrivar- og lesarblikk på eigen tekst, er han/ho i ferd med å utvikla eit metaspråk om språk.

Å laga gode skriveoppgåver er viktig. Ein må vera presis i formuleringar og oppgåvene må ha tydelege skriveoppdrag. I skriveopplæringa må ein ivareta innhald, form og føremål når ein lagar oppgåver; desse tre punkta utgjer skrivetrekanten.

Maagerø & Skjelbred (2012, i Lesesenteret sin fagfilm) presenterer fem kjenneteikn på gode skriveoppgåver:

- Oppgåva har eit klart føremål og ein definert mottakar.
- Oppgåva inviterer både til å skriva for å læra og læra å skriva; på denne måten utviklar ein både fagkompetanse og skrivekompetanse.
- Ein bør skriva tekstar som har status i faga.
- Oppgåveteksten bør oppfordra til å bruka ulike modalitetar.
- Oppgåva bør invitera til å bruka eit fagspesifikt språk.

Ein finn meir detaljert informasjon om desse punkta og til kvar tid oppdatert kunnskap om skriveopplæring i språkpakken «God skriveopplæring»:

<https://sprakloyper.uis.no/ungdomstrinn/fagovergripende-lesing-og-skriving>.

3.1.2 God leseopplæring

Lesing er ein samansett kompetanse som krev at ein beherskar ulike sider ved språket. Det er å forstå, bruka, vurdere, reflektera over og engasjera seg i tekst. Korleis kan me best utvikla lesekompetansen til elevane?

Ein kompetent lesar er engasjert og motivert, aktiv og fokusert, han/ho vel passande strategiar og kontrollerer eiga forståing. I tillegg kan lesaren vurdere kritisk og analytisk og tenka over om tekstane er til å lita på. Dette krev evne til førforståing, samt å kunna navigera i teksten og beherska ulike aspekt ved lesinga. Lesaren må ha utvikla sikker og automatisert avkoding for å klara dette. Ein god lesar veit at ein må lesa ulike tekstar på ulike måtar, nytta strategiar for å forstå ukjende ord og forstå meningsinnhald i sentrale omgrep, samt forstå ulike meningsberande ressursar. Ein kompetent lesar kan tileigna seg kunnskap i alle skulefag.

Det er mange faktorar som spelar i lag når lærarane planlegg leseopplæringa. Lærarar som lukkast spesielt godt med lesinga i klasserommet har nokre fellestrekk i undervisninga (i Lesesenteret sine fagfilmar i språkpakkane):

- God planlegging og samanheng i undervisninga
- Eit breitt utval tekstar
- Høg kvalitet på klasseromsamtalane med opne spørsmål og rom for undring
- Språkleg miljø er prega av samarbeidslæring
- Å gjera feil er del av læringsprosess
- Læraren koplar teksten til andre tekstar elevane har lese og tidlegare tileigna kunnskap kan nyttast til noko
- Bevisst dagleg arbeid med tekstar, systematisk og kontinuerleg
- Aktivisering av forkunnskap
- Integrering av lesestrategiar
- Utviklar ordforrådet
- Undervisninga er eksplisitt og ein modellerer ynskja strategi og framgangsmåte
- Lesing er ein sosial aktivitet

Desse punkta bør ein arbeida systematisk med for å utvikla engasjerte lesarar som er strategiske og har gode språklege ferdigheiter, med andre ord god tekstkompetanse.

I tillegg bør me leggja til rette for eksplisitt undervisning i læringsstrategiar før, under og etter lesing.

I førlesefasen skal ein skapa engasjement og aktivera bakgrunnskunnskap. Ein må henta fram ei førforståing av teksten.

Vidare skal ein jobba med ord og omgrep. Det er ein klar samanheng mellom vokabular, leseforståing og lesemengde. Dette er spesielt viktig for minoritetspråklege elevar. Fagdiskurs skil seg frå kvardagsspråket. Å kjenna faget sitt språk vil vera til hjelp både når ein skal tenkja og når ein skal kommunisera.

Fagtekstar inneheld mange fagspesifikke omgrep, generelle akademiske omgrep, metaforar og uttrykk. Orda ein vel å undervisa i må vera knytt til tema og vera relevante for innhaldet i teksten. Å læra eit ord er ein prosess – frå ingen kunnskap om ordet, til å kjenna att ordet og til slutt bruka ordet fagleg på ein sjølvstendig måte i lesing, skrivning og samtale. Før, under og etter lesing. Undervisning for å utvikla eleven sitt ordforråd vil vera med på å betra elevane si leseforståing.

Under lesing kan ein modellera lesemåtar for elevane. Læraren kan syna korleis han/ho går inn i teksten og korleis han/ho tenkjer om innhaldet, samt strategiar han/ho nyttar. Læraren kan gjera verktøy og tilgjengelege hjelpemiddel eksplisitte. Ein kan syna korleis ein reflekterer over eiga lesing og innhald i teksten. Det er form og innhald som må styra val av strategiar.

I etterkant av lesinga kan ein diskutera faglege problemstillingar gjennom ulike leseoppdrag. Gode oppgåver kan stimulera til samtalar og felles refleksjon og elevane kan læra av kvarandre. Å skriva eit samandrag av ein tekst er ein annan metode for etterarbeid, og denne kan gjerne vera kombinert med at elevane forklarar korleis dei gjorde val i skriveprosessen.

Arbeid med fagtekstar skal gjera elevane i stand til å kunna delta i fagleg problemløysing; ein treng å forstå både innhaldet og korleis teksten kommuniserer med lesaren for å utvikla tekstkompetanse.

Resultat frå nasjonale prøver kan og bør nyttast aktivt i arbeidet med å utvikla elevane sine leseferdigheiter og tekstkompetanse. Ein føresetnad for å lukkast med dette er at alle faglærarane går inn i prøva, studerer tekstar og oppgåver og reflekterer over elevane sine resultat.

3.1.3 Nynorsk som hovudmål

Lærarane i alle fag skal hjelpe elevane å bli trygge nynorskbrukarar. Ein må byggja språklege «fagrom». Når kjeldene ofte er på bokmål, kan det vera vanskeleg for elevane å nå målet om å uttrykka seg fagrelevant på nynorsk. Fagtekstar på nynorsk har til dømes ofte ein meir aktiv skrivemåte enn på bokmål. På nynorsk nyttar ein andre ord og annleis setningskonstruksjon enn på bokmål. Det er viktig å lesa fagtekstar på både målformer for å utvida ordforrådet, få djupare forståing av faginnhald og bli tryggare på eiga målform. Det kan vera ein fordel at ein hugsar fagstoffet betre ved omskriving frå bokmål til nynorsk.

3.1.4 Lesing av ulike kjelder om same tema

I tråd med LK20 skal elevane trenast seg i kritisk tenking. Dette vert stadig viktigare i informasjonssamfunnet. Elevane treng å bli utfordra på å lesa tekstar utover læreboka. Dei treng å få lesa tekstar som kan innehalda både overlappende og motstridande informasjon, og dei treng øving i å vurdera i kva grad kjeldene er truverdige. Vi veit at sjølvstendige lesarar i større grad maktar dette, men at dette er noko som kan øvast opp ved å jobba med kritisk tenking og diskusjon i fellesskap i klasserommet.

Ulike kjelder om same tema kan gi auka kompetanse i kjeldemedvit gjennom å samanstillast informasjon og setja tekstane inn i ulike samanhengar.

3.2 Vanskar med språk, lesing og skriving

Skulane skal ha ein inkluderande praksis og ordinær undervisning skal femna breitt gjennom opne, også kalla rike, oppgåver.

Når det kjem til opplæring og tilrettelegging av undervisning for elevar som har vanskar med språk, lesing og skriving, syner me til språkpakkane for ungdomstrinnet med ulike verktyø til å møte denne tematikken på konstruktive måtar:

<https://sprakloyper.uis.no/ungdomstrinn/vansker-med-sprak-lesing-og-skriving>.

Desse språkpakkane omhandlar temaa lese- og skriveteknologi, elevar med IOP i dei fleste fag, lese- og skrivevanskar, og unge med språkforstyrningar.

4 Fleirspråklege elevar

Språkløypene presenterer verktøy til undervisning av minoritetsspråklege elevar i klasserommet; i innføringsklassar og/eller i ordinære klassar. I språkpakkane ²¹ finn ein og meir spesifikk informasjon og døme på språkopplæring.

Språk vert lært i samspel. Skulen må leggja til rette for at fleirspråklege elevar kan nytta språket i autentiske situasjonar saman med jamnaldrande.

Minoritetsspråklege er barn som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk. Morsmål er språket som blir snakka i heimen til barnet, enten av ein eller begge foreldra, i kommunikasjon med barnet. Eit barn kan difor ha to morsmål.

Barn lærer seg nytt språk slik ein tileignar seg all ny kunnskap - ein byggjer på det ein kan frå før. Innan forskning om tospråklegheit er det brei semje om at barn med eit godt utvikla morsmål har betre vilkår for å læra språk nummer to. Stimulering av morsmålet er difor eit viktig vilkår for å læra norsk.

Språk er nært knytt til identitet, sosialisering og kulturelle uttrykk og er difor ein viktig del av livet til barn og vaksne. Barn har betre føresetnader for å læra eit andrespråk dersom dei har eit godt utvikla morsmål. Morsmålet og andrespråket kan fungera som støtte for kvarandre. Den fleirspråklege utviklinga til barna blir styrkt dersom barnehage, skule og storsamfunnet er positivt innstilte til fleirspråklegheit.

Det er eit mål at barn og vaksne i Stord kommune opplever at språkleg og kulturelt mangfald er ein ressurs i samfunnet.

Språkopplæring skjer i all kommunikasjon. Stord kommune ynskjer at alle tilsette ved skular og barnehagar er bevisste rolla si som språkformidlarar.

4.1 Organisering av undervisninga

Innføringsklassen er eit særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar. Foreldra kan takka ja eller nei til tilbodet. Elevane kan gå i innføringsklassen i opp til to år.

Stord kommune sitt tilbod om innføringsklasse er på Langeland skule (3.-7. trinn) og på Stord ungdomsskule (8.-10. trinn). Elevar på 1. og 2. trinn byrjar i vanleg klasse på nærskulen.

Særslikt norskopplæring (SNO) er forsterka opplæring i norsk. Opplæringa kan bli gitt enten etter læreplan i grunnleggande norsk for minoritetar, eller i form av særskilt tilpassing innanfor den ordinære læreplanen.

Minoritetsspråklege elevar har rett til SNO-timar fram til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgja den vanlege opplæringa i skulen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring²² eller begge deler.

²¹ Barnetrinnet <https://sprakloyper.uis.no/barnetrinn/flerspraklige-elever-barnetrinn/nyankomne-minoritetsspraklige-elever>

Ungdomstrinnet <https://sprakloyper.uis.no/ungdomstrinn/flerspraklige-elever>

²² Tospråkleg fagopplæring <https://nafo.oslomet.no/tag/tospraklig-fagopplaering/>

Minoritetsspråklege elevar skal ha eit tilrettelagt tilbod til dei kan følgja ordinær undervisning. Skulen skal kartleggja kva dugleikar elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring²³.

Utdanningsdirektoratet har utvikla eit digitalt kartleggingsverktøy i grunnleggande norsk for språklege minoritetar <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagspesifikk-stotte/kartleggingsverktoy-i-grunnleggende-norsk/>. Dette verktøyet vert tilgjengeleg for tilsette i stordiskulane i løpet av hausten 2021 når databehandlaravtale ligg føre.

Seinare kartlegging av SNO-elevane skal skje ein gong i halvåret. Ein må vera merksam på at elevar kan ha eit godt *kvardagsspråk*, men framleis ha behov for særskilt norskopplæring for å kunna følgja den ordinære undervisninga. Det tar gjerne mellom 5 og 8 år å læra eit nytt språk.

SNO-læraren må ha gode norskkunnskapar og kunnskap om fleirkulturell pedagogikk. Stord kommune har ei målsetjing om at barnehagane og skulane har pedagogar med særskilt kompetanse på språkopplæring for minoritetsspråklege barn.

Så langt som mogleg bør den enkelte skulen organisera SNO-timane parallelt med norsktimane, slik at elevane ikkje går glipp av andre fag når dei har SNO-undervisning. Det må vera kontinuitet i undervisninga, til dømes ved å ha same SNO-lærer gjennom fleire år.

4.2 Nyankomne minoritetsspråklege elevar

Nyankomne minoritetsspråklege elevar er ei mangfaldig gruppe; dei har berre felles at dei er nye i Noreg og manglar norskkunnskapar. Desse elevane treng å bli møtte med yrndnad, høge forventingar og tilpassa støtte for å læra seg norsk og verta inkluderte i læringsmiljøet ved skulen sin. Dei skal ha undervisning i norsk og i fag frå starten av, noko som krev eit tett samarbeid mellom lærarane i faga. Lærarane må bli kjende med eleven, sjå kvar einskild og leggja til rette for ei likeverdig opplæring som er tilpassa den enkelte. Morsmålsbakgrunn, språkbakgrunn, skulebakgrunn og familiesituasjon vil variera. På ungdomstrinnet vil det vera eit felles behov at desse elevane treng å læra språk fort. Ikkje-verbalt språk er like viktig som det verbale i kommunikasjon.

Når ein ny elev kjem til skulen, er det viktig at han/ho og familien vert møtt i ein inntakssamtale. Det ligg døme på ein korleis ein kan organisera ein god inntakssamtale i høve innhald og struktur i språkløypene.

Vidare krevst ei grundig kartlegging av eleven sine språkferdigheiter i norsk og på morsmålet, slik at særskilt norskopplæring (SNO) og grunnleggjande norsk for språklege minoritetar kan verta tilpassa kvar enkelt elev.

Eleven kan få eit innføringstilbod dei første par åra eller tilpassa opplæring i ordinær undervisning. Overgangen frå innføringsklasse til ordinær klasse må vera godt tilrettelagt.

²³ <https://nafo.oslomet.no/grunnskole/saerskilt-sprakopplaering/>

Kjelder per 01.01.2023

Dahle, Anne Elisabeth, Gabrielsen, Nina N. og Skaathun, Astrid. Lesesenteret 2016. «Når skriftspråket blir utfordrende» <https://www.uis.no/nb/hefte-nar-skriftspraket-blir-utfordrende>

Digital kompetanse og digitale ferdigheter <https://www.iktplan.no/>

Hansson Myran, Iris & Håland, Anne. 2018. «Skriving fra første dag – hvis skolen er forberedt» <https://utdanningsforskning.no/artikler/2018/skriving-fra-forste-dag--hvis-skolen-er-forberedt/>

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis. <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokal-kompetanseutvikling/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/#156881>

Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger <https://lesesenteret.uis.no/#Skole>

Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger sine leseråd til føresette <https://www.uis.no/nb/leserad-til-foreldre>

Lesesenteret i Stavanger sine råd til føresette med barn på 5.-7. trinn <https://www.uis.no/nb/fortsatt-rom-lesing>

Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger sin informasjon til føresette og tilsette i SFO om bok og språk i bruk <https://www.uis.no/nb/brosjyre-foreldreinformasjon-sfo>

NAFO – nasjonalt senter for flerkulturell opplæring <https://nafo.oslomet.no/>

Skrivesenteret – nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning ved NTNU <http://www.skrivesenteret.no/>

Solheim, Randi & Aasen, Arne Johannes. I Norsk læreren 4 2011. «Rettleidd lesing – ei ramme for den første leseopplæringa» [Rettleidd lesing - Skrivesenteret](#)

Språkløyper – et løft for språk, lesing og skrivning <https://sprakloyper.uis.no/>

Statped – Statlig spesialpedagogisk tjeneste. <https://www.statped.no/>

Statped – Statlig spesialpedagogisk tjeneste. <https://www.statped.no/laringsressurser/sprak-og-tale/temaside-om-digital-lese--og-skrivestotte/>

Stord kommune sin skulebibliotekplan 2019-2023. [Trygge språkbrukarar - Stord kommune](#)

Utdanningsdirektoratet. Kartleggingsverktøy i grunnleggande norsk. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagspesifikk-stotte/kartleggingsverktoy-i-grunnleggande-norsk/>

Utdanningsdirektoratet. *Læreplanverket LK 2020*. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/>

Utdanningsdirektoratet om PISA. 2019. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/internasjonale-studier/pisa/>

Utdanningsdirektoratet. *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>

Utdanningsdirektoratet. Rammeplan for SFO.
<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Litteraturtips til dei ulike hovudtrinna vert utarbeidd i nettverk og sette inn i språkplanen når listene er ferdige.

Lesesenteret ved UIS er kjende med at språkplanen er knytt tett opp til språkløypene. Stord har vore «språkkommune».